

# JÆRMUSEET



Årsmelding for arbeidsåret 1986

1986 har vore eit avgjerande år for Jærmuseet. Arbeidet har gått framover på fleire viktige område.

- Fyrst og fremst er lokaliseringsspørsmålet avgjort. Det er vedtatt at museumsbygget skal reisast på Kvia/Audamotland i Hå kommune.
- Det er tilsett styrar/konservator frå juni 1986 og gjort vedtak om å engasjera ein konservator til frå 1987.
- Museet har frå våren 1986 kome med i tilskotsordninga for halvoffentlege museer.
- Oppbygginga av samlingane har vore ei prioritert oppgåve i 1986, og Jærmuseet har idag den største samlinga av tekniske landsbruksminne i museal eige her i landet.

### Jæren museumsråd

Jæren museumsråd har i 1986 hatt to møte. Ordinært årsmøte blei halde i Randaberg Idrettshall 2. april. Årsmøtet handsama årsmelding og rekneskap for 1985, arbeidsplan for 1986, budsjett for 1986 og kontingen for 1987. Kontingenen blir uendra for 1987.

Det møtte 22 rådsmedlemmer inkl. varamedlemmer, 23 representantar for private medlemmer og 6 innbedne gjester.

Konservator Roy Høibo heldt føredrag om oppbygging av eit nytt museum.

Omframt årsmøte for å avgjera lokaliseringsspørsmålet blei halde i Time rådhus 19. juni. Før møtet var rådet på synfaring til Ytre Lima i Gjesdal, Øksnevad i Klepp og Kvia/Audamotland i Hå. Det møtte i alt 32 representantar med stemmerett. Ved endeleg votering blei det vedtatt at Jærmuseet skal reisast på Kvia/Audamotland i Hå kommune.

Johan Vestvik, Randaberg, har vore rådet sin formann.

### Styret sitt arbeid

Styret har vore samansett slik:

Formann: Nils Njå - Time

Nestform.: Tobias Skretting - Hå

Bernt Øvregaard - Klepp  
Torbjørg Sægrov - Sandnes  
Severin Bollestad - Gjesdal  
Terje Rott - Sola  
Johan Vestvik - Randaberg  
Marit Liland Edland - Rogaland fylkeskommune  
Ole Gunnar Kverneland - vald av private medlemmer.

### Valnemnd:

Gunleif Løge, Halldis Hognestad, Torfinn Jakobsen.

Styret har i meldingsåret hatt 9 møte og handsama 51 saker. Det har fyrst og fremst vore lokaliseringsspørsmålet, økonomi- og personalsaker og utbyggingsplanar for museet.


### Personalsaker:

Mellom dei viktigaste sakene har vore tilsetjing av styrar/konservator. Styret har tilsett Målfrid Snørte land i denne stillinga. Ho har vore i arbeid sidan midten av juni. Styret har også tilsett Målfrid Grimstvedt i eitt-årig engasjement. Ho vil koma i arbeid kring 1. mars 1987.

### Byggeprosjektet:

Den viktigaste enkelsaka har vore utgreiingar og planar i samband med byggeprosjektet. Styret har vedtatt at bygningane for Jærmuseet bør plasserast på garden Kvia (gnr/bnr 19/6). Utanom sjølve tomtgrunnen har styret bede om tilleggsareal for demonstrasjons bruk og framtidige magasinbygg. Hå kommune forhandlar no med grunneigarane om innløysing av dette arealet, som tilsaman omfattar 55 mål. Innløysinga omfattar og tunet på garden der våningshuset er frå 1880-åra. Museet har vidare bede om at det gamle tunet på Audamotland blir innløyst til museumsføremål, noko kommunen har stilt seg positiv til.

Styret har drøfta rombehov og romprogram for bygget. Med tanke på museet sitt spesielle gjenstandsmateriale treng ein eit bygg på 2200 - 2500 m<sup>2</sup>. Utstilling av hestereiskapar, traktorar og andre landbruksmaskinar krev langt større rom enn tradisjonelle museumsutstil-



lingar. Når det gjeld magasin lyt museet basera seg på å leiga dette for lang tid.

Byggeprosjektet har ei førebels kostnadsramme på ca 20 mill. Det er sendt søknad om økonomisk støtte til Norsk Kulturråd. Det har vidare vore eit møte med Jærmuseet og ordførar og rådmenn i medlemskommunane der prosjektet blei presentert. Kommunane har førebels ikkje tatt standpunkt til prosjektet, men saka vil truleg bli behandla i samband med langtidsbudsjettet i kommunane våren -87. Styret håper at bygginga kan ta til i 1989, men ser ikkje bort frå at finansieringsarbeidet vil strekkja seg utover den vedtekne tidsplana.

I samband med byggeprosjektet ynskjer styret ein open arkitektkonkurranse. Dette vil gi det beste grunnlag for å velja eitt bygg som er tilpassa landskap og eksisterande miljø på Kvial/Audamotland.

## Økonomi og administrasjon

Jærmuseet har to hovudoppgåver:

1. det skal dokumentera hovudlinene i den landbruks-historiske utviklinga i Rogaland
2. det skal vera eit fagleg og administrativt hjelpeorgan for bygdemusea i regionen.

Alt i innstillinga frå samarbeidsutvalet blei det peika på at skulle museet fylla begge desse oppgåvene, ville det kreva to konservatorstillingar med kvar sitt ansvarsområde. Rogland fylkeskommune har ikkje innvilga museet ei konservatorstilling til. Det har difor vore vanskeleg å innfri forventningane om aktiv fagleg hjelp til bygdemusea. Deltaking i det lokale kulturvernet i kommunane er likevel ein nødvending føresetnad for at den organisasjonsmodellen museet byggjer på, skal fungera.


Bygdemusea og kulturkontora har difor vore viljuge til å vera med å finnsiera ei ny konservatorstilling ved å kjøpa tenester frå Jærmuseet. På denne måten har det vore muleg å oppretta eit eittårig engasjement med særskilt ansvar for bygdemusea. Om dette er ein tenleg modell for fleire typar stillingar knytta til museet er eit spørsmål som må drøftast mellom Jærmuseet og medlemskommunane i tida framover.

Utviklinga av Jærmuseet og museumsarbeidet i regionen vil i stor grad vera avhengig av kommunane sin vilje til å satsa på slikt arbeid. Men me vil samtidig peika på det urimelege i at Jærmuseet får langt mindre fylkes- og statstilskot enn dei øvrege regionmusea i fylket. Det bør difor vera rimeleg å venta ein vesentleg auke i driftsmidlane frå fylkeskommunen dei nærastra åra.

Når museet i meldingsåret likevel ikkje har vore i nokon prekær økonomisk situasjon, skuldast dette m.a. store gratisytingar på fleire område. Fyrst Klepp, og sidan Hå kommune, har bore ein vesentleg del av kontorkostnadane og driftsutgiftene ved museet. Dessutan har fyrst og fremst Kverneland A/S og Serigstad A/S ytt museet mykje gratidsarbeid og andre tenester under restaureringa av traktorane.

## Tilvekst, samlingar, magasin

Oppbygging av samlingane har vore ei prioritert oppgåve i 1986. Tilveksten har skjedd både ved gåver og



Nyrestaurert Deering W-14. Produsert av International Harvester Co, Chicago ca. 1937. Utstilt på Røyneberg skule i Sola. (Foto: Tor-Jan Ludvigsen).

ved kjøp. Styret vil takka Jan Arrestad, Jåtta, Egil Ravndal, Sola, Enok Enoksen, Sola, Jan Goa, Klepp, Rannfrid Jessen, Varhaug, Palle Nærland, Sandnes, Brøyt A/S, Time, Kyllingstad A/S, Klepp, Ivar Bø, Gausdal, Kari Moe, Stavanger, Ola Auestad, Høyland, Tore Norheim, Time, Johan Auglænd, Sandnes, Rudolf Kluge, Time, Tønnes Auestad, Sandnes, Arnt og Kjell Årvoll, Sola, Endre Oseland, Hinna, Trygve Skaug, Bore og Øksnevad jordbrukskule, Klepp, for gåver til museet.

For å sikra at viktige sider ved den nyare landbrukshistoriske utviklinga blir dokumentert har museet vore nøydd å kjøpa ein del gjenstandar. Dette gjeld særleg traktorar og traktorreiskap. Museet sin økonomi tillet likevel ikkje slike innkjøp i større omfang.

Tilveksten består hovudsakleg av ulike hestereiskap, treskeverk, traktorar og traktorreiskap. Me vil særleg nemna ein Mogul 10-20 frå 1918 og ein Centaur Garden Tractor produsert mellom 1921-27. Saman med Moline-traktoren representerer desse typane dei fyrste utprøvingane av traktorteknologien i Norge, og Jærmuseet er det einaste museet her i landet som har alle desse traktorane i samlinga.

Me vil og nemna ein Gigant og ein Fahr skurtreskar, ein wiredriven og gravemaskin 5K og Brøyt X, den fyrste hydrauliske gravemaskin som blei laga av brørne Søyland på Bryne i midten av 1950-åra. Denne er truleg og den fyrste hydrauliske gravemaskin laga i Europa.

Innan utgangen av 1986 hadde Jærmuseet 34 traktorar frå tida 1918 - 1960. Av desse er 4 førkriegsmodellar fullt restaurerte.

Jærmuseet sine samlingar består mykje av tunge og plasskrevjande gjenstandar. Dette får fylgjer både for transportutgifter og magasinkostnader. Mange gjenstandar kan berre flyttast med leigd kranbil, og transportutgiftene gjer difor eit vesentleg innhogg i museet sitt budsjett.

Museet har gjenstandar lagra på fire ulike stader: Gramstad, Austrått og Varatun i Sandnes og Hognestad i Time. Bygningane på Hognestad, som representerer ca 650 m<sup>2</sup>, er alt fulle. Sjølv om museet kanskje bør vera nøyare med å prioritera og velja ut dei gjenstandane ein vil ta vare på, treng museet stadig å utvida magasinarealet i åra framover.

## Restaureringsarbeidet

Når det gjeld vedlikehald og istandsetjing av samlingane har museet prioritert gjenstandar som dokumenterer det maskinelle landbruket. Dette året har museumshandverkar Sverre Skjæveland i hovudsak arbeidd med restaurering av to førkrigstraktorar.

Hausten 1986 fullførte han restaureringa av ein Deering W-14 produsert av firmaet International Harvester, Chicago, Illinois, ca 1937. Traktoren, som Jærmuseet har fått frå Ivar Strand, Tau, var i svært dårlig stand, og restaureringa har vore ein tidkrevjande prosess.

Parallelt med fullføringa av Deering-traktoren starta arbeidet med ein Massey Harris Pacemaker produsert ca 1933-35. Denne har museet fått frå Olav Egeland, Lura i Sandnes. Også Massey Harris-traktoren var i dårlig forfatning. Begge traktorane er såleis fullstendig demonterte og reingjorde for rust. I begge tilfella har ein vore nøydd å laga ein god del nye delar. Særleg tidkrevjande er arbeidet når ein fyrst lyt laga verktyet - som t.d. stanseutstyr, valseprofilar og støypemodellar, slik at ein kan kopiera dei originale delane.

Til Deering-traktoren var museet så heldig å få delar frå gardbrukar Ivar Bø i Gausdal. Til Massey Harris-traktoren har handverkaren måttta ta fleire studieturar,

m.a. til Klæbu og Heidal, for å låna og kopiera delar. Dette arbeidet blir utført av Serigstad A/S. Dessutan har ein fått ein delekatolog frå England som er til stor hjelp.


Ein god del arbeid får museet utført hos Kverneland A/S - t.d. sandblåsing, dreiling osv. Så lenge museet vantar eigne verkstadlokale er dette heilt nødvendig hjelp for at restaureringsarbeidet kan fungera. Utan store gratisytingar frå Kverneland A/S og Serigstad A/S hadde heller ikkje restaureringsarbeidet vore økonomisk muleg.

Museet sitt restaureringsarbeid er lagt opp med tanke på framtidige utstillingar. Det er lagt opp til ein restaureringsplan som skal dekka følgjande utstillingstema:

1. Hestemekaniseringa eller omlegginga av det jærske jordbruksmåten frå slutten av 1800-talet.
2. «Jernhesten i Norge..» Dei første forsøka med traktorteknologi.
3. Gjennombrotet for traktorteknologien
4. Nyryddinga av land etter 2. verdskrigen.

Jærmuseet er det einaste museet her i landet med systematiske samlingar frå det maskinelle landbruket. Men med ei handverkarstilling er det langt frå muleg for museet å fylgja opp innsamlingsarbeidet med konservering og istandsetjing av gjenstandane.

Museet håpar difor at det skal vera muleg å få løyingar til dette arbeidet frå sentrale styresmakter - t.d. frå Norsk Kulturråd.



Skuronn hjå Rasmus S. Klepp ca. 1948-50. Traktoren er ein Fordson mod. N frå 1931 og Allis Chalmers slepetreskar med hjelpemotor var den fyrste av dette slaget på Jæren. Ein tilsvarende Fordson-traktor inngår i Jærmuseet sin restaureringsplan, og museet har og fått lov på ein tilsvarende slepetreskar.  
(Foto: Olav Lorck Eidem).

## Medlemmer

Både private verksemder, lag og organisasjonar og einskildpersonar har høve til å teikna medlemskap i Jærmuseet. Når det gjeld personlege medlemmer har ikkje museet drive noko aktiv medlemsverving og har berre 3 medlemmer. Men museet har vendt seg til bedrifter og organisasjonar i regionen og fått positiv respons. Dei aller fleste bondelag, bondekvinnelag og bygdeungdomslag er medlemmer i museet, totalt 32 lag. Elles har 12 private verkstemder teikna medlemskap i museet. Dette er ei støtte Jærmuseet er svært glad for. Aktiv oppslutning frå ulike lag, personar og bedrifter i regionen vil vera viktig for å realisera dette museumsprosjektet.

## Representasjon og studiereiser

Styrar og nestformann representerte museet på NKKM sitt landsmøte i Fredrikstad 25. - 28. september.

Byggenemnda var på studieferd til museer i Danmark og Tyskland 4. - 11. november. Ein vitja Dansk Landbruksmuseum i Randers, Schleswig-Holsteinisches Landesmuseum og Vikingmuseet i Haithabu i Schleswig, Rheinisches Freilichtmuseum i Kommern, Deutsches Landwirtschaftsmuseum i Hohenheim, Stuttgart, Norsk Teknisk Museum og Oslo Bymuseum i Oslo.

Handverkaren var på studietur til Hunday National Tractor and Farm Museum i Newcastle i desember.



Byggenemnda på studieferd til m.a. det nye Vikingmuseet i Haithabu (Hedeby) ved Schleswig.

## Utoverretta verksemd

Ein del av dei landbrukshistoriske samlingane som Jærmuseet fekk overta frå Høyland bygdemuseum står utstilte på Austrått i Sandnes. Me håpar at dette utstillingssamarbeidet med Høyland bygdemuseum kan halda fram til Jærmuseet får eigne utstillingslokale.

Jærmuseet vil elles freista å få i stand mindre, desentraliserte utstillingar og markeringar rundt om i kommunane. Dette året hadde museet ei utstilling under bygdadagane i Randaberg i månadskiftet oktober/november. Denne blei sett av omlag 4000 - 5000 personar.

Det er og stilt ut ein traktor (Deering W-14 ca. 1937-mod.) på Røyneberg skule i Sola. Vidare har me ein Case mod. D frå 1939 utstilt hos Aase Maskin Sandnes.

Styrar og styreformann har deltatt på ulike møter skipa til av lag og organisasjonar og orientert om museet.

Radio og presse har hatt velviljig omtale av museet.

## Rekneskap 1986

### Inntekter:

Tilskot frå staten . . . . .	187.485,00
Tilskot frå fylkeskommunen . . . . .	140.625,00
Tilskot frå medlemskommunane . . . . .	312.342,00
Medlemskontingent private . . . . .	2.460,00
Renteinntekter . . . . .	14.138,00
Sum inntekter . . . . .	657.050,00

### Utgifter:


Løn faste stillingar . . . . .	247.264,47
Ekstrahjelp og overtid . . . . .	1.722,00
Trygd og pensjon . . . . .	51.199,80
Inventar og utstyr . . . . .	873,20
Innkjøp til samlingane . . . . .	60.154,00
Innkjøp til bibliotek . . . . .	16.311,00
Kontorutgifter . . . . .	28.249,75
Trykksaker . . . . .	18.000,00
Straum . . . . .	2.920,67
Forsikringar . . . . .	120,00
Reiseutgifter . . . . .	27.992,55
Transportutgifter . . . . .	64.755,20
Studietur . . . . .	23.971,13
Vedlikehald av samlingane . . . . .	12.554,06
Utstillingsmateriell . . . . .	2.404,20
Fotoutgifter . . . . .	4.901,70
Kjøp av bil . . . . .	38.630,00
Drift av bil . . . . .	9.481,00
Andre driftsutgifter . . . . .	3.335,90
Sum driftsutgifter . . . . .	614.840,63

### Sluttsummar:

Inntekter . . . . .	657.050,00
Utgifter . . . . .	614.840,63
Overskot 1986 . . . . .	42.209,37
overført til fond . . . . .	2.460,00
Unytta overskot 1986 . . . . .	39.749,37
+ overført frå 1985 . . . . .	17.943,54
Overført til 1987 . . . . .	57.682,91

### Balanse:

Postgiro . . . . .	12.694,30
Bankinnskot . . . . .	102.479,41
	115.173,71
Pensjonstrekk (gjeld) . . . . .	5.120,80
Interrimskonti . . . . .	42.650,00
Fond . . . . .	9.710,00
Overskot . . . . .	57.692,91
	115.173,71



Kornturkene i Nydalen Mølle i Sandnes 1909.

## Høyland Bygdemuseum

Hovudutstillingane til Høyland Bygdemuseum er på garden Austrått i Sandnes. Her disponerer museet eit heimehus med miljøutstillingar av 1800-tals interiør. I driftsbygningen er det temautstillingar med hovudvekt på teglverks- og potteriverksemnda. I andre etasje har Jærmuseet ei utstilling av landbruksreiskap.

Høyland Bygdemuseum har ca. 8000 gjenstander spreidde på fleire ulike magasin. For å hjelpe på lagringsproblema har museet dette året fått ein plast-hall på Lutsi, men også denne er stuvande full.

Nytt gjenstandstilfang til museet dette året kjem i hovudsak frå byens industrielle mølledrift og nedlagde Sandnes Aducerverk.

I haust vart Nydalen Mølle riven og museet fekk med hjelp av kommunen sikra seg mesteparten av maskinar og utstyr og interiørspesialitetar. Bygningen blei samtidig grundig fotodokumentert.

Frå Sandnes Aducerverk er henta maskinar og utstyr samt prøvar av produksjonen. Vidare har museet sikra seg eit rikeleg biletmateriale både av arbeidsprosessar og produkt.

Formannskapet har no bestemt at 1-etasje i gamle Sandnes Sparebank skal nyttast til utstillingar om leirvareindustrien i byen. Høyland Bygdemuseum har

dessutan tatt initiativet til å få utarbeidd ein museumspalan for Sandnes kommune.

Museet har ope sundager i sommarhalvåret. I ferietida har museet ope nokre timer kvar dag. Besøkstalet er aukande.

## Hå Bygdemuseum

I 1986 har det vore omvisningar og aktivitet på Grødal-

land og redningsmuseet Varden Museum.

Hå historie og ættesogelag har stått ansvarleg for den

daglege drifta ved bygdemuseet.

Grødal land har i tida 11.05 - 28.09 hatt ope kvar sundag kl. 12 - 17. Det har vore 800 vaksne betalande. Born går gratis.

Det har vore skipa til 4 aktivitetsdagar som har tatt føre seg desse emna: Jordbruk, «tradisjonar omkring jonsok», handarbeid, syrekakebaking, spinning, karding, barnestell.

Det har vore skipa til to opne møte med godt frammøte. Ein del skuleklassar har hatt omvisning på Grødal-

land.

Varden museum har hatt ope kvar sundag frå 01.06 - 31.08. Sverre Kvadsheim har hatt tre omvisningar med demonstrasjon av redningsutstyr.

## Klepp Bygdemuseum,

Styret har hatt 3. styremøter. Museet har hatt besøk av 170 personar. Dette er skuleklassar, einskildpersonar og slutta lag. Skuleklassar som arbeider med oppgåver frå gamle dager finn mykje stoff i museet.

Styret har vore på tur til Gjesdal, til ljåsmia der. Vi fekk omvisning av S. Bollestad.

Museet har fått nye gardiner i 1. etasje. I høve kommunenjubileet i mai planlegg ein ei utstilling frå omgangsskulen i kommunen.

Det gamle kårhuset frå Grude vert plassert på tomta til museet. Grunnmurane er ferdige. Takpanner er sikra frå det gamle meieriet på Klepp st. Styret håper at huset er kome på plass til jubileet i mai 1987.

Klepp har fire medlemmer i Jæren Museumsråd.

## Gjesdal Bygdemuseum

Gjesdal Bygdemuseum v/museumsnemnda har engasjert seg i fleire ulike kulturstørrelser i 1986.

Restaurering av Gjesdal Ljåfabrikk har gått over fleire år, og dette arbeidet er snart sluttført. Norsk Kulturråd, Rogaland fylkeskommune og Gjesdal kommune har løyvd pengar til tiltaket. Museet har også engasjert seg i å restaurere det gamle steinfjøset på Vølstad. Museumsnemnda har tatt til orde for å verne dei gamle skulehusa på Mjåland, Vølstad og Frafjord; bygningar av stor kulturhistorisk verdi frå ei faren tid.

Det har vore registrering av faste kulturminne, stadnamn og innsamling av gamle foto. Det er tatt 15 lydbandintervju med eldre personar.

Samlingane til Gjesdal Bygdemuseum tel 869 registrerte ting. Storparten av tilveksten i 1986 (i alt 167 ting) tilhører Lima ljåsmie.

Museet har hatt ope 10 gonger og 142 besøkande. Det var 6 skuleklassar med tilsaman 80 elevar.

Garden Auglend (gnr. 9/6) på Ytre Lima, som har tilhørt syskena Tore, Jenny og Lars Lima, er testamentert til museumsføremål. Tunet består av ei fôrløe frå ca. 1800, eit våningshus frå 1848, sauefjøs frå ca. 1900, eldhús, og driftsbygning frå 1948. Museumsnemnda tenker seg driftsbygningen ombygd til magasin og utstillingslokale. Dei andre bygningane ynskjer ein i hovudsak å nytta som miljøutstillingar. Til garden vil ein og knyta aktivitetar som demonstrerer jordbruk og utmarksbruk i eldre tid.

## Flyhistorisk Museum Sola


Flyhistorisk Museum Sola blei stifta i januar 1984. Målet er å samla inn og ta vare på gjenstander og materiale med tilknytning til flyging og luftfartshistorie med hovudvekt på materiale knytta til Sola flyplass og Luftfartsverksemda i Rogaland.

Museet har i dag 6 fly på Sola. Eit av desse er eit Heron passasjerfly. Dei andre er militærfly som museet har fått overta frå Forsvarsmuseet - som Flyhistorisk Museum elles har eit svært godt samarbeid med. Frå Norving har ein fått eit Islander passasjerfly som vil bli transportert til Sola i april 1987.

Pr. i dag har museet 137 medlemmer. Verksemda i 1986 har hovudsakleg dreia seg om restaurering av flya. Alt arbeid blir utført gratis av medlemmane. Målet er å få flya mest muleg klare til det store 50års jubileet på Sola flyplass 29. og 30. mai 1987.

Museet har fått ei viss økonomisk støtte frå Sola kommune. Kommunen har også øyremørka eit stort område i tilknytning til flyplassen til tomt for eit framtidig flymuseum.

I dag held verksemnda til i forsvarer sine lokale på Sola Sjø. Her har museet både hangar til flya og eigne foreningslokale.



DP-X

## Randaberg Bygdemuseum

Randaberg Bygdemuseum har i 1986 gått nye vegar for å formidla lokalhistoria. I samarbeid med kulturstyret har det vore skipa til 4 såkalla bygdeturar, d.v.s. buss-turar til ulike kulturminne og turmål i kommunen. Oppslutninga mellom bygdefolket har vore svært god og tiltaket vil bli ført vidare i 1986. Det er gitt ut ei brosjyre om kulturminne og turmål i kommunen. Brosjyra er sendt til alle husstandar og er blitt vel motteken.

På Harestad skule er tre nye temautstillingar under oppbygging. To av lærarane har her ansvaret for utstillinga og det pedagogiske opplegget. Her blir det og laga til eit mediaram kor ein kan visa film, video og lysbilete. M.a. arbeider ein med å få lagt dei gamle bygdefilmene, som Tønnes Rygg i si tid fekk laga, inn på video. Dette dreier seg om 6 tema-filmar frå 10 - 30 min., pluss ein lengre film som syner årssyklusen i det eldre bondesamfunnet.

Vistnestunet og utstillinga i Randaberghallen blir ofte vitja av barnehagar, skuleklassar og pensjonistar.

## Time Bygdemuseum

Time er det ei kommunalt oppnemnd kulturminnenemnd på 10 personar som har ansvaret for kulturminnearbeidet. Under kulturminnenemnda ligg Time Bygdemuseum sine samlingar og utstillingar på samfunns-

huset på Undheim, Teknisk Museum på Fotland, Fotland bygdemølle, Knudaheio, Garborgheimen og humannsplassen Træ'e på Line.

Bygdemuseet på Undheim og Teknisk Museum på Fotland har eigne styre. Time mållag har tilsyn med Garborgheimen og Knudaheio.


På Undheim er det 2048 registrerte gjenstandar. I 1986 hadde ein 1085 besökande. På teknisk Museum har ein 1790 gjenstandar. Her var det i alt 400 besøk. Ein stor del av besøka er skulelevar. Museumsanlegga er opne kvar sundag i tidsrommet mai - september.

Fjerde året på rad har kulturminnenemnda i samarbeid med biblioteket stått føre fotoinnsamling i krinsane. Sommaren 1986 var det registrering av faste kulturminne. Utgiftene til slikt arbeid blir dekka av Anna Sælands Legat som kulturminnenemnda disponerer.

Dei registrerte tinga i Garborgheimen og Knudaheio er katalogiserte ved kulturkontoret.

Ved opninga av samfunnshuset på Undheim var det laga til ei utstilling som synte glimt av tilhøva i det gamle forsamlingshuset på Tunheim.

Hausten 1986 blei det tilsett kulturvernleiar i halv stilling.



Fotland bygdemølle bygd av Lars P. Fotland ca. 1845. I eit fall på 5 m stod 4 kvernkellar. Tre av dei dreiv kvar si kvern i 1. etasje og den fjerde dreiv to turker i 2. etasje.